



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jana Sandvik	<b>Arkivkode:</b> GBNR-24/145
<b>Arkivsaksnr:</b> 11/586	<b>Løpenr:</b> 12/2425
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	05.06.2012	040/12	JB

### DISPENSASJONSSAK. AVSTAND TIL KOMMUNAL VEI. GBNR. 24/145

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i veglova § 29 vert det gjeve dispensasjon for oppføring av bustadhus på gbnr. 24/145 med 7-meter avstand frå kommunal veg.

---

**Dokument som er vedlagt:**

Kart og søknad om avkjøyrsel

---


**Kva saka gjeld:**

Saka gjeld oppføring av bustadhus med avstand til kommunal veg - 7m.

Det er tidlegare gjeve dispensasjon for etablering av bustadhus på gbnr. 24/145. No er det søkt om dispensasjon for å kunna føra opp det omsøkte tiltaket 7m. frå midten av vegen.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Administrasjonen ser ikkje at ein dispensasjon vil gje problem, og finn å kunne godkjenna søknad om dispensasjon.



Revidert: 10.02.2012: tegnet inn frisktlinjer og svingradius, lengdeprofil i henhold til kravene.		
Dato:	11.11.2011	Tegn. Nr:
Målestokk:	1:500	D - 1
<b>Bustad og garasje For Arvid Gjerde</b>	Situasjons- kart	<b>Parsell av Gnr 24 Bnr 145</b>
Revidert 22.12.2011	ny avkjørsel	Ark. Lyder K. Leithaug, Bønesskogen 3 B 5152 Bønes
Revidert 25.05.2012, Ny svingradius - avst. til veg		MOBIL 92013472 <a href="mailto:lk_leithaug@hotmail.com">lk_leithaug@hotmail.com</a>



Statens vegvesen

SØKNAD OM AVKØYRSLE / DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSE LANGS OFFENTLEG VEG

Tiltakshavar Arvid Gjende Tlf 5658 6632  
 Adresse Nesjarøgen 8 Postadr. 5650 Tyssø  
 Ansvarlig søker/utførende Lyder Leithaug TIL 9201 3472  
 Adresse Bonesskogen 3B Postadr 5154 Bønes  
 Gnr. 24 Bnr 145 x) Kommune Sammanger  
 (Europa-/ Riks-/ Fylkesveg) kommunal Stad .....

Undersøk planstatus for eiendomen hjå kommunen:  
 Kommuneplan (føremål) Bustadformål  
 Reguleringsplan  Nei  Ja Namn på planen .....

x) og ny parsell

SØKNAD OM AVKJØRSLE

- Ny avkøyrslø
- Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø
- Flytting av eksisterande avkøyrslø
- Stenging
- Anna føremål .....
- Bustadelngar antall ..... stk
- Hytte antall ..... stk
- Industri/Næring
- Driftsavkøyrslø
- Andre

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSE (MÅ GRUNNGJEVAST)

Kva funksjon får bygget (til dømes bustad, hytte m m?) BUSTAD  
 Nybygg  Tilbygg   
 Avtand frå vegmidte til næraste kant av omsøkt byggverk 7 meter

Kart/skisse i målestokk 1:1000 skal leggjast ved søknaden. Kart kan ein få ved teknisk kontor i kommunen. Kartet/skissa skal vise tomte med bygget, avkøyrslø, snuareal og vegen inn på tomte.

EVT. TILLEGGSOPPLYSNINGAR

LYDER LEITHAUG, ANSV. SØKER

Begrunn den 25/5 2012  
 underskrift Lyder Leithaug

Postadresse: Statens vegvesen  
 Region vest  
 Askedalen 4  
 6963 Leikanger

E-post: [vest@vegvesen.no](mailto:vest@vegvesen.no) 81644010  
 Telefonnr: 57 65 59 88  
 Telefaks: innmeldt



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jana Sandvik	<b>Arkivkode:</b> GBNR-47/2
<b>Arkivsaksnr:</b> 12/326	<b>Løpenr:</b> 12/2701
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	05.06.2012	041/12	JB

### DISPENSASJONSSAK - RIVING AV ELDRE GARDSHUS. SEFRAK OBJEKT. GBNR 47/2. SAMNANGER KOMMUNE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon til riving av eit eldre gardshus på gbnr. 47/2.

---

#### Dokument som er vedlagt:

Bilete

Dispensasjonssøknad om riving av eldre gardshus på GBNR 47/2

Uttalelse til søknad om riving av eldre gardshus på gard nr. 47,2

---

#### Kva saka gjeld:

Saka gjeld riving av eit eldre gardshus på gbnr. 47/2 som er SEFRAK objekt.

Kommunen har motteke søknad om riving av eit gammalt gardshus på gbnr. 47/2 som er registrert i SEFRAK register.

#### Nabovarsel:

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Det er gjeve fritak frå å varsle naboar jf. pbl § 21-3.

#### Uttale:



Tiltaket er registrert i SEFRAK register. Eininga for kultur i Samnanger kommune er orientert om rivingssaka på gbnr. 47/2. Det ligg føre uttale frå eininga om at dei ikkje har merknadar til søknaden om riving.

I tidlegare saker har Hordaland fylkeskommune uttalt seg om at saker om riving av SEFRAK objekta skal sendast til Hordaland fylkeskommune for vurdering. Dette huset vert oppført i 1884, difor skal saka avgjerast av kommunen.

**Vurderingar og konsekvensar:**

02.12.1994 var det gitt løyve til tilbygg til driftsbygning med vilkår om riving bygningar som ligg nærare enn 8 meter frå driftsbygningen. Rivinga har ikkje vore utført på grunn av sjukdom. I dag er huset så skeivt at det er ein fare for omgjevnadene, og taket har svikta.

Administrasjonen har vurdert saka, og finn at det ligg føre særlege grunnar i denne konkrete saka for å gje dispensasjon.



Dispensasjonssøknad om rivning av eldre gardshus på gard nr. 47,2

Huset er i SEFRAK registeret og vi sender med dette ein dispensasjonssøknad for å få godkjent rivning av huset. Det kan dokumenteras at huset vart påbegynt i 1884 akkurat hundre år før det nye gardshuset vart bygd.

Då Torfinn og Anne Kolle overtok garden på Sævild var dei nøydd til og gjere noko med bustadsituasjonen på garden. Det vart vurdert om ein skulle pusse opp det gamle huset eller byggje nytt. Avgjerdsla som vart teken da, grunna i at grunnen under gamle huset svikta. Huset hella allereie i 1984 så mykje at det var ein 20 cm. høgde forskjell på kortveggen. Dette gjorde at restaurering av bygget ikkje var mogleg.

Rivingstillating vart gjeven i 1995 i forbindelse med bygging av sagbruket på garden. Rivinga vart ikkje utført på grunn av sjukdom.

I dag er huset så skeivt at det er ein fare for omgjevnadene, og taket har svikta. Me ønskjer no å ta vare på deler av gardshuset ved å plukke det ned, å rive resten.

SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK.NR.....	J.NR.....
11 MAI 2012	
EMNEKODE:.....	
OBJEKTODE:.....	
SAKSH:.....	GRADERING.....



---

## **Informasjonsnotat / orientering**

---

**Til:**

Jana Sandvik

**Frå:**

Arnved Soldal Lund

**UTTALELSE TIL SØKNAD OM RIVING AV ELDRE GARDSHUS PÅ GARD NR.  
47,2**

*Saknr/Journalnr*  
12/326/12/2705/KUL/ASL

*Arkivkode*  
GBNR-47/2

*Dato:*  
31.05.2012

---

Det søkes om ein dispensasjonssøknad for å få godkjent riving av huset. Huset er i så dårlig stand at det er ein fare for omgjevnadene sine. Det vart gjeven ei rivingstillating i 1995.

Eininga for kultur har ingen merknader denne søkanden.